

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Tilleggsdokument på søknad om etablering av jordtipp – gnr. 415 bnr. 10 m. fl. - Nordanger - Alver kommune

Viser til førebels svar på søknad om etablering av jordtipp - gbnr 415/10 m. fl. Nordanger, der dykk etterspør meir utfyllande dokumentasjon.

### Dispensasjon

I førebels svar på søknad skriv dykk

*Tiltaket ligg i område som i kommunedelplanen for Radøy er avsett til LNF-føremål. Etablering av anleggsveg vil krevja at det vert søkt om mellombels dispensasjon.*

*Byggjegrensa mot vassdrag/elv/bekk med årssikker vassføring er 25 meter, jf. føresegn 2.7 i kommunedelplanen for Radøy. Dersom tiltaket vert plassert i strid med denne føresegna vil tiltaket også krevja dispensasjon frå dette forhold. Dersom tiltaket medfører bekkelukking må tiltaket avklarast med NVE.*

Det som i søknaden er kalla anleggsveg, dreier seg i realiteten om ein permanent landbruksveg klasse 7. Ein slik veg er i tråd med arealformål LNF, og krev difor ikkje dispensasjon. Etter samråd med jordbrukssjefen i Alver Kommune lager vi ikkje eigen søknad for denne, men ber om at den inngår som ein del av søknad om etablering av jordtipp.

For jordtipp 1, er næraste vassdrag med årssikker vassføring elva mellom Storrindevatnet og Gjerdsvatnet. Avstanden er ca. 92 (nittito) meter i luftlinje (markert på situasjonskrattet). Mellom jordtippen og vassdraget ligg det også ein åsrygg, slik at reell avstand vil vere større.

I tillegg kjem det eit mindre vassig frå myrene vest for jordtipp 1, og inn på feltet i sør. Dette vassiget har ikkje årssikker vassføring. Ifølge grunneigar, Dagfinn Nordanger, måtte dei grave ut hol og lage demningar for å ha vassforsyning til beitedyr om sommaren.

Kartet viser også at bekken forsvinn når den kjem inn i området for jordtipp 1.

Alt av vassig frå vest, både overflatevatn og vatn i grunnen, må skjærast av og takast inn i eit framtidig drencsystem. Dette er eit tiltak som etter vår vurdering ikkje sjåast på som bekkelukking.

For jordtipp 2 er avstanden ca. 57 (femtisju) meter i luftlinje til ein namnlaus bekk som renn ut i Viddalsvatnet (markert på situasjonskrattet). Det er usikkert om denne har årssikker vassføring.

### **Nabovarsel og privatrettslege forhold.**

Det er sendt ut nabovarsel til alle grunneigarane som er råka av tiltaka. Det er også gjennomført nabomøte, det grunneigarane som vert råka av tiltaket var invitert til å delta. Her vart det informert om planane og det var svart på spørsmål.

Vedlagt møtereferatet frå dette møtet, **vedlegg 1**.

I søknad om løyve til tiltak, vart eigeienden gnr. 415 bnr. 10 ført opp som eigeienden søknaden gjaldt. Dette medførte at då nabovarsel var sendt ut, vart det ikkje sendt varsel til eigar av denne eigendomen.

For å dokumentere at grunneigar har fått same informasjon og moglegheit til å komme med innspel, har eigar blitt kontakta på mail.

I mail som var sendt, var det også lagt ved oversiktskart som viser omfanget av deponia.

Eigar har bekrefta i svar på mail (11.03.2020) at tiltaket skjer i dialog og at ein er orientert om tiltaket.

Vedlagt mail korrespondanse med grunneigar, **vedlegg 2**.

### **Situasjonskart og teikningar**

I førebels svar, var det kommentert at innsendt situasjonskart og teikningar ikkje var av tilstrekkeleg kvalitet.

Det er nå utarbeida nye teikningar over deponia slik det er etterspurt. På tverrsnitta er det ført på høgder og det er laga lengdeprofil av begge deponia.

Situasjonskartet er oppdatert med eigeiendomsgrenser der gnr. og bnr. kjem fram.

Nye teikningar og situasjonskart er vedlagt, **vedlegg 3**.

### **Anleggsveg**

I førebels svar ber dykk om at plassering av anleggsveg må gå tydeleg fram av karet.

Det er viktig å poengtere at det som er vist med lilla farge på situasjonskartet er ein anleggsvegtrase. Sjølv om denne er vist med ei breidde på 15 m, betyr dette ikkje at vegen som vert bygd har denne breidda.

Det som skal byggjast er ein permanent landbruksveg. Denne skal byggjast etter normalar for landbruksvegar. I prosjektet fv. 565 Marås – Soltveit er det «vegklasse 7 – traktorveg» som vert etablert.

Denne vert i anleggsfasen nytta som anleggsveg av entreprenøren, men vil etter at anlegget er ferdigstilt kunne nyttast av grunneigarane. Under er det eit utklipp frå normalen og ei direkte lenke.

*[Veiklasse 7](#) er veier for transport av landbruksprodukter og tømmer med lastetraktor og landbrukstraktor med henger. Generelt skal disse veiene kunne nyttast til transport hele året unntatt i teleløsningen. Svake partier i undergrunnen må forsterkes med bærelag. Dimensjonerende aksellast: 13 t på bru og 10 t på vei, så sant ikke annet fremgår av byggeplanen.*

Ein anleggstrase er ein trase med ei breidde på 15 m. Innanfor denne traseen skal entreprenøren prosjektere og byggje ein permanent veg. Årsaka til at det er søkt om ein trase på 15 m og ikkje den permanente vegen, er at det er entreprenøren som skal prosjektere dette.

Søknaden om etablering av jordtippar er i samband med utlysing av vegprosjektet Fv. 565 Marås – Soltveit. Denne kontrakten er lyst ut som ei totalentreprise, der det er entreprenøren som skal prosjektere vegen. På same måte som entreprenøren skal byggje ny fv. 565 innanfor reguleringsgrensene, skal entreprenøren byggje ny permanent landbruksveg innanfor anleggsvegtraseen.

Med helsing

Andreas Knarvik Kolås  
senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*